



FRÆNA KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådmannen

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.

0030 OSLO

Vår ref
LODKJE 03/01811

Arkiv
L00

Dykkar ref
2003/443- P/KIR

Dato
29.08.2003

HØYRING - NOU 2003: 14 ("BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN") – SÆRLEG OM KLAGE, MOTSEGN OG KONSEKVENSGREIING

Vi viser til brev frå Miljøverndepartementet datert 07.07.03 og mottatt i kommunen den 15.07.03.

Først vil vi seie frå om at framskunding av høyringsfristen har gjort det vanskeleg for oss å leggje saka fram for politisk handsaming grunna ferieavvikling. Innhaldet i saka er etter vår oppfatning av ein slik art at ho skulle vore lagt fram for politisk handsaming. På grunn av tidsnaud blir uttalen gjeven administrativt.

Generelt

Rådmannen og ordføraren i Aukra støtter i hovudsak planlovutvalet sitt framlegg til dei lovparagrafane som er med i denne høyringa. Utvalet har levert et gjennomarbeidd framlegg med eit greitt språk, enklare og meir logisk oppbygging og som ryddar noko opp i eit relativt vanskeleg begrepsapparat. Lovframlegget vil etter vår meining, leggje grunnlaget for ei kvalitativt betre planlegging. Kommunen vil komme med ein meir fyldig uttale innan fristen 01.12.03.

Vi vil understreke at planlovutvalet har levert eit heilskapleg framlegg der dei ulike delane må sjåast i samanheng. Det er difor viktig at einskilde deler av framlegget ikkje blir tatt ut og handsama lausreve frå samanhengen.

1: § 1-14 Motsegn og mekling.

Vi støtter framlegget til lovtekst og meiner at paragrafen kan stramme opp praksisen rundt motsegner. Det er viktig å understreke at motsegner bør vera unntaket.

2: § 1-15 Tilhøve til forvaltningslova og klage

Vi støtter framlegget til lovtekst og meiner dette vil vere ei klar forbetring i høve til lova slik denne er i dag. Vi ser likevel fort at det kan bli eit praktiseringsproblem når ein skal vurdere om det faktisk er det same tilhøve som no er påklaga i høve til

tidlegare. Vi ønskjer ei betre presisering i lova om kva for tilhøve som kan påklagast jmf at det reelt er feil i saksprosess som gjev grunnlag for å ta ei klage til følgje og ikkje kommunestyret si skjønnsvurdering i høve til planvedtak.

3. § 1-8 Planutgreiing og planprogram

Kravet om planutgreiing og planprogram vil føre til ein større arbeidsinnsats i oppstartfasen av eit planarbeid. Det vil generelt vera meir ressurskrevjande å gjennomføre planprosessar i oppstartfasen, til gjengjeld vil planprosessen kunne gå smidigare i utføringsfasen. Eit planprogram vil kunne gi eit betre planresultat og føre til effektivisering av ulike utbyggings-prosjekt når desse byggjer på betre avklara planer.

Vi støttar framlegget om at alle planer skal ha ei planutgreiing. Det er forslagstiller som skal ha ansvaret for å lage planutgreiing som ein del av innhaldet i eit komplett planmateriale. For private planforslag bør kommunen få høve til å laga retningslinjer for framstilling av planutgreiing.

Vi støtter også framlegget om planprogram for fylkesplanar , fylkesdelplanar og kommuneplanar samt områdeplanar og detaljplanar med vesentlege verknader. Det er likevel viktig at planprogrammet er konsentrert mot prosess og at det slik blir ein prosessplan. Planprogrammet skal ikkje vera ein kortversjon av komande plan. Det er vidare viktig å understreke at der planprogrammet viser til behovet for utgreiingar, må slike utgreiingar vera tilpassa planen sitt omfang og vera relevante i høve til dei vala som må gjerast gjennom planarbeidet. Vidare blir det forventa at sektorstyresmaktene gjennom uttale til planprogrammet klart tek stilling til trongen for utgreiing, og at dei ikkje seinare skal kunne koma attende med krav om fleire utgreiingar.

For områdeplanar (kommunedelplanar) og detaljplanar (reguleringsplanar) bør annonsering og høring av planprogram kunne erstatte varsel om oppstart av planarbeid.

4. § 1-9 Konsekvensutgreiing av planer med vesentlege verknader

Vi støtter framlegget om å innarbeide konsekvensutgreiinga i planutgreiinga. Slik unngår ein dei kompliserte parallellprosessane i dag med omsyn til handsaming av KU og plan som høyrer til same sak. Etersom konsekvensutgreiing blir gjort obligatorisk for alle større planar, vil dette føre til ein god del meirarbeid for kommunane. Alle kommunedelplanar/ områdeplanar må ein gå ut frå at kommunane ønskjer å lage sjølv. Dermed må dei også ta kostnadane med utgreiingane. Det må gjerast klart at kommunane får avgjere kva som er avgjerdsrelevante tema i samband med konsekvensvurderingane - også om det skal lagast alternativ og omfanget av slike. Vi vil vise til erfaringane med innføring av KU-systemet der rigide og unødige omfattande utgreiingskrav trua legitimiteten i hele KU-sytsemet. Vi kan kome i ein situasjon der dei samla krava frå sektorstyresmaktene (om utgreiingar og alternative vurderingar) gjer at kommunane ikkje har kapasitet eller økonomi til å lage utgreiingar og derfor vel ikkje å lage områdeplanar, men overlate "problemet" til private detaljplanar.


Kravet i § 1-9 vil føre til trong for auka kapasitet og kompetanse i kommunane for å kunne handtere og styre konsekvensutgreiingane.


5. Kap 17 Konsekvensutgreiing for sektorplanar, tiltak etter andre lover

Konsekvensutgreiingar av tiltak der plan- og bygningslova ikkje gjeld, vil vera relativt sjeldne for kommunane og i første rekke gjelde regionale planar og statlige planar.

Når det gjeld kravet til konsekvensutgreiingar og tilhøvet mellom særlovverk og plan- og bygningslova, vil truleg planlovutvalet sitt forslag gi ei opprydding.

Med helsing


Ragnar Valle
ordførar


Arne Sverre Dahl
rådmann

Vedlegg:

Kopi til: